



ÅRSMELDING 2019


ÅRSMELDING

IL JOTUN ALLIDRETT

for perioden

1. januar 2019 til 31. desember 2019

PÅ VEG MOT HUNDRE!



1. Styret sin samansetning

- Leiar: Marianne Sundal
- Økonomi: Marianne Sundal
- Øvrige styrerepresentantar: May Lisbeth Midtun, Anita Kvammen Pedersen, Kristiane Seim, Linn Theres Kristiansen (kom inn hausten 2019)

2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Det er ingen spesielle utval/komitear i allidretten.

3. Møter

- Tal på styremøter i gruppa: 2
- Elles har det føregått mykje informasjon og fordeling av arbeidsoppgåver via lukka gruppe på Messenger.

4. Saker

- Me jobbar heile tida for at ungane skal ha eit godt og variert tilbod. I år som i fjor har me fokusert på at aktivitetane i allidretten skal vere knytt opp til dei ulike særgruppene i idrettslaget. Me har eit godt samarbeid med særgruppene som tilbyr ulike aktivitetar til ungane. I år har me hatt hjelp frå skigruppa, turngruppa, friidrettsgruppa og symjegruppa. I tillegg har me hatt samarbeid med Bulder & Brak Opplevingar og Barnas Turlag Årdal. Gruppene blir kontakta før aktivitetsplanen blir lagt, der dei får komme med ynskjer om kva dagar dei kan vere med. Dei er velkomne til å delta på så mange økter dei sjølv ynskjer.

Turngruppa hadde éi økt med kvar av klassetrinna i vår og éi i haust. Alle øktene har vore i idrettshallen med instruktørar frå turngruppa. Her har ungane fått prøve seg på ulike turnøvingar med god hjelp og støtte frå turninstruktørane.

Friidrettsgruppa har hatt éi økt med 2. og 3 klasse i vår, samt ei økt med kvart av klassetrinna i haust. Her har øktene blitt lagt opp som stasjonsleik der ungane får prøve ulike aktiviteter relaterte til friidrett.

Me har hatt ein del badeøkter i år. Symjegruppa har deltatt på nokre av øktene med aktivitetar som er tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene. På dei andre øktene har me hatt frileik.

Me har avtale med badevakter som er der gjennom begge øktene.

Balleiken blir ikkje organisert av ei særgruppe. Her er det foreldre som har sagt seg villige til å ha ansvar for å lage eit opplegg. Det er dei ansvarlege foreldra som bestemmer kva ballspel som skal utførast.

3. og 4.klasse har tilbod om handball annankvar torsdag.

Skigruppa hadde 4 økter i Fardalen i vinter, ei blei avlyst pga dårleg ver. Dette er ein engasjert gjeng med godt innarbeidde rutinar. Dette er den einaste aktiviteten der alle klassetrinna er samla på same tidspunkt. Her blir ungane delte slik at 1. og 2.klasse er for seg og 3. og 4.klasse for seg, slik at ungane får aktivitetar som passar føresetnadene deira.



Vår dato
06.01.19

Vår referanse

Bulder & Brak opplevingar hadde ei økt med kvart klassetrinn i bassenget i vår. Her har dei med seg kajakkar og ungene får testa ut padling i bassenget. Veldig populært.

Barnas Turlag stilte opp på friluftsdagen vår i april. Dei laga til rebusløp på Ytre Moa, stor stas for den yngste gruppa. Ein del færre ungar som møtte opp blant 3. og 4. klasse, men dei som var der hadde det kjekt.

I haust fekk me til ein ordning med turngruppa, at 5 åringane våre får ei økt i turnhallen ein gong i veka. Ei foreldregruppa har tatt på seg ansvaret her, dette for at det skal føregå i meir organsierte former og samtidig ta vare på utstyret til turngruppa.

Elles er det som vanleg arbeid med å lage planar for haust og vår og å lage dugnadslistar. Me sørger for at det alltid er vaksne som har ansvar for øktene.

Me har valt å halde fram med sms varslings til dei som har dugnad komande veke. På denne måten sikrar me at det vert nok vaksne som stiller opp.

5. Medlemstal

- Blant 5 åringane, er medlemstalet ca 36 ungar.
- Frå 6-10 år er medlemstalet 113 ungar. Det er omtrent likt med i fjor.

6. Særforbund

- Allidretten er ikkje knytt til eit bestemt særforbund

7. Konkurransar –Stemner – Turneringar

- 3. og 4. klasse har delteke på minihandballturneringar i 2019.
- Friidretten hadde friidrettens dag i mai, der øvingane var lengde, 60 m og liten ball.
- Symjegruppa arrangerte symjemerke selungen og distansemerket 25m for 4. klassingane.

9. Økonomi

- Sjå vedlegg

10. Anlegg & Utstyr

- Det er særgruppene som organiserer aktivitetane, så me nyttar deira utstyr.

11. Oppgåver i året som kjem

- Arbeide for at ungene framleis får eit godt og variert tilbod gjennom allidretten.

12. Eksterne verv – representasjon

- Gruppa har ingen eksterne verv

Marianne Sundal
Leiar Allidretten

